

**Fra:** Einar Aase  
**Sendt:** mandag 14. februar 2022 14:11  
**Til:** Helge Fimland  
**Kopi:** maskauge@gmail.com  
**Emne:** Mindre avklaring knytt til vedtak i byggesak 21/5445

Hei,

Sender e-post for å gjøre ei mindre oppklaring knytt til vedtak i byggesak 21/5445 som gjev løyve til etablering av båtslepp.

Det går fram av løyvet at vedtak omfattar terregn- og grunnarbeid i den grad det er naudsynt. Tanken bak denne formuleringa var primært knytt til mindre støyping eller liknande, ved ei lita endring frå eksisterande plassering av båtslepp. I innsendt klage er det vist til at det må gjerast omfattande inngrep i terregn for å få til alternativ plassering. Løyvet er ikkje meint å omfatte slike inngrep. Slike inngrep vil truleg krevje særskilt vurdering, ettersom dette truleg vil vere søknadspliktige terrengeinngrep i strandsona. Har forstått på telefon og i klage at dykk ikkje ynskjer slik endra plassering, med bakgrunn i behovet for terrengeinngrep osv.

Sender likevel denne e-posten for å informere om at dykk ikkje kan setje i gong med terrengeinngrep som er skildra i innsendt klage, basert på utsendt løyve. Herunder store fysiske inngrep på land og i sjø, som blant anna sprenging av steinmassar, planering av steinmassar og etablering av betongdekke.

Saka er elles sendt over til avdeling for miljø og tilsyn, som vil følgje klagesaka vidare opp. Problematikk knytt til terrengeinngrep i strandsone ved endra plassering går fram av klaga som er sendt inn, og desse spørsmåla vil bli vidare avklart i klagehandsaminga.

Vennleg helsing

**Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak**

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

